



Besteforeldrenes klimaaksjon i Telemark

Forslag til landsmøtet.

UTFASING AV NORSK OLJE OG GASS

Besteforeldrenes klimaaksjon held fast på vårt krav om at Norge må fase ut produksjon av olje og gass både på norsk sokkel og i utlandet.

STORTINGET MÅ SNARAST RÅD VEDTA EIN PLAN FOR FULL UTFASING AV NORSK OLJE- OG GASSUTVINNING BÅDE PÅ NORSK SOKKEL OG I UTLANDET

STORTINGET MÅ VEDTA Å STOPPE ALL NORSK OLJELEITING

Olje- og gassverksemda har vore verdifull for landet vårt. Den har gitt rikdom til staten og fellesskapet og godt levebrød for mange, og Noreg har bygd opp store verdjar i oljefondet både gjennom olje- og gasseksport og avkastning.

Men norsk oljeverksemd har òg hatt ein høg pris i form av tap av liv og helse for mange oljearbeidarar og dykkarar. Oljeverksemda har og ført til forureining og stor naturøydelegging både på norsk sokkel og i utlandet.

Den viktigaste årsaka til klimakrisa er fossil energibruk, og det er for lengst funne meir olje- og gassførekomstar enn kva som er forsvarleg å utvinne.

Den norske fossilindustrien gir eit betydeleg bidrag til klimaendringane. Noreg er verdas fjerde største produsent av fossil gass, og 11. største olje og gassprodusent totalt.

Det er heilt meiningslaust å fortsette leiting etter nye førekomstar, spesielt når oljeleitinga i dag skjer i spesielt sårbare område med stor verdi for marint liv og matforsyning.

Likevel satsar Noreg maksimalt på det som er hovudårsaka til klimakrisa - fossil energi. I 2025 investerte vi 270 milliardar i olje- og gassutvinning. Totalt investerer vi 6 gongar så mykje i oljeverksemd som i all anna industri til saman.

Diverre viser regjering og stortingsfleirtalet liten vilje til å endre oljepolitikken. Spørsmåla rundt fossilindustrien blir stadig skyvd unna i det offentlege politiske ordskiftet, og det kan då vera freistande å flytte fokus til saksområde med mindre konflikt og mindre mektige motpartar. Men nettopp i denne situasjonen er det ekstra viktig å seie klart i frå om at Besteforeldrenes klimaaksjon ser utfasing av norsk oljeverksemd som ei kjernesak i vårt arbeid.

Det gjeld framtida for komande generasjonar.